


HYLLESTAD KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTNING TIL REGULERINGSPLAN FOR EIDS-
NESET, DEL AV G.NR. 59 OG 60 I HYLLESTAD KOMMUNE.

KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK AV 10.12.84.



§ 1

Det regulerte området er i planen synt med plangrenser.

§ 2

Bustadområde: I området kan det oppførast bustadhus i inntil ei og ei halv høgd, med tilhøyrande garasjar. Finn bygningsrådet at terrenget ligg til rette for det, kan innreiing av underetasje tillatast i samsvar med byggeforeskriftene.

§ 3

Grunnflata på bygg må ikkje overskride 20 % av tomtearealet.

§ 4

På situasjonskart som fylgjer byggemeldinga skal det synast ein garasjeplass pr. husvære. I tillegg skal det opparbeidast ein parkeringsplass pr. husvære på eigen grunn.

§ 5

Bygningane skal plasserast innafør skraverte område som synt på planen. Men når omsyn til grannebygg, terreng eller vegsituasjon tilseier det, kan bygningsrådet fastsette avvik frå den synte plasseringa.

§ 6

Bygningsrådet skal sjå til at bygningane har god form, farge og materialbruk og at området som heilskap får ei harmonisk utforming.

§ 7

Uturvande sprenging av fjell må unngåast.

§ 8

Avkøyrsløse til offentleg veg skal vere oversikteleg og trafikk-sikker, og skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 9

Serviceområde: Bygg kan ikkje førast opp i meir enn to høgder. Ut-nyttingsgraden må ikkje overstige 0,3.

§ 10

Kvar verksemd skal på eigen grunn ha plass til parkering og av-og pålessing som måtte vere naudsynt etter bygningsrådet sitt skjønn.

§ 11

Det må ikkje etablerast verksemdar av forureinande karakter innafør arealet.

§ 12

Offentlege føremål: Det avsette område skal atterhaldast skuleføremål.

§ 13

Friområde: Områda som er avsett til friområde skal opparbeidast til leikeareal.

§ 14

Jordbruk: Området kan ikkje takast i bruk til andre føremål enn det vert nytta til no.

§ 15

Fellesbestemmelsar: Inngjering av eigedom skal godkjennast av bygningsrådet som kan fastsette kva høgd, materialval og farge og dessutan plassering mot veg.

§ 16

Innafor råma av bygningslova, departementet sine føreskrifter og kommunen sine vedtekter, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse føresegnene når særskilde grunnar talar for det.

0-0-0-0

